



Nordhordland Ettersøkslag
Nordhordland Ettersøkslag c/o Karsten Korneliussen Holmåsvegen 73
5955 LINDÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/914 - 19/12727

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

05.06.2019

Avslag på søknad om støtte frå viltfondet til innkjøp av utstyr

Administrativt vedtak. Saknr: 132/2019

Saksutgreiing:

Nordhordland ettersøkslag v/ Karten Korneliussen søker i i e-post dagsett 11.04.2019 om støtte frå viltfondet til innkjøp av utstyr. Laget tilbyr ettersøksavtaler for private jegarar som ikkje har eigen ettersøkshund og ettersøk etter påkjørt hjort. Dei vil kjøpe inn nye sikringsvestar (godkjente refleksvestar og nye hodelykter. Dei gjør ein del ettersøk etter påkjørt hjort, og at dette ofte skjer i mørket langs vegane. Det er stilt krav til kva utstyr som skal nyttast langs veg. Dei søker om kr 5 000,- frå viltfondet frå kommunane i Nordhordland.

Vurdering:

I Meland kommune er det dei siste åra felt mellom 94-129 dyr, og det kommunale viltfondet er bygd opp av fellingsavgift innkrevd for desse felte dyra. Det kommunale viltfondet er eit bunde driftsfond som kommunen forvaltar til viltføremål innafor dei rammene som *forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort* fastset. Det kommunale viltfondet skal brukast til viltrelatert arbeid i kommunen. Formålet med det kommunale viltfond er å skape ein økonomisk bakgrunn for å fremje viltforvaltninga i kommunen, jf. § 1 første ledd i forskrifta.

Meland kommune har hatt lite disponible midlar på viltfondet dei seinare åra, dette skuldast at kommunen har låge fellingsavgifter og prioritert å nytta midlane i hovudsak til bestandsplanprosjektet. Dei resterande midlane har gått til å dekke kostnadane ved ettersøk og fallvilt. Den store årlege kostnaden med deltaking i bestandsplanprosjektet er no ferdig. Men kommunen har ikkje eit stort disponibelt beløp tilgjengeleg på viltfondet. Kommunen må i hovudsak prioritera midlar til kostnader ved ettersøk og fallvilt. Kommunen ser at det er trulig at det vil kunne komme utgifter i samband med utviklinga av det oppretta bestandsplanområdet. Dette er eit prioritert arbeid for kommunen.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Administrasjonen ser at det arbeidet Nordhordland ettersøkslag tilbyr både jegerar og kommunar er ein viktig. Dette er eit viktige og lovpålagte krav til både jegerar og kommunar. Kommunen kan likevel ikkje gi tilskott til tiltaket då kommunen må prioritera andre naudsynte oppgåver.

Vedtak

«Meland kommune avslår Nordhordland ettersøkslag sin søknad om økonomisk støtte frå viltfondet til innkjøp av utstyr.

Grunnlaget går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i Retningslinjer for viltfondet i Meland kommune, som er heimla i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Nordhordland Ettersøkslag

Nordhordland 5955
Ettersøkslag c/o
Karsten
Korneliussen
Holmåsvegen 73

LINDÅS